

Årsmelding 2015 - Vang frivilligsentral

Innleiing	side 1
Styre og årsmøte	side 2
Frivillige	side 2
Tilbod	side 2
Økonomi	side 2
Regional og nasjonal organisering og endring i vilkår frå staten	side 3
Prosjekt og samarbeid	side 3
Vårprogrammet	side 4-5
Hautprogrammet	side 6-7
Andre arrangement	side 6-7
Faste aktivitetar	side 8



Innleiing

Sentralen held ope måndag, tysdag og onsdag frå 11:00 til 15:00 på Vangtunet. Marte Tangen er tilsett som dagleg leiar i 100% stilling.

Vang frivilligsentral har følgjande handlingsplan:

Hovudmål: Vere ein katalysator for frivillig verksemd i Vang

Visjon: **Møte mellom menneske**

- Delmål 1: Vere ein sosial møteplass på tvers av generasjonar og kultur
- Delmål 2: Vere ein støttespelar for frivillige lag og eksisterande aktivitetar i kommunen
- Delmål 3: Auke det eksisterande tilbodet der det er behov
- Delmål 4: Vere ein synleg og påliteleg aktør for heile bygda



Kontakt:

frivilligsentralen@vang.kommune.no
61 36 94 25 - 46 81 64 73
www.vang.frivilligsentral.no
www.facebook.com/vangfrivilligsentral

Styre og årsmøte

Styret i Vang frivilligsentral har i 2015 bestått av:

Carl Philip Weisser	styreleiar
Elisabeth Sparstad	nestleiar
Erik Martinsen Dalåker	representant frå administrasjonen
Margrete Fagerheim / Leif Hjalmar Søndrol	representant frå HU Levekår
Hallgrim Rogn	
Fulan Yang	vara
Ragni Almenning Havro	vara
Ole Jørgen Tveit	vara

Hovedutval for levekår er årsmøte og øvste organ for sentralen. Årsmøte 2015 vart halde 4. mars. Styret har hatt 4 styremøter.

Frivillige

Ved utgangen av året hadde vi 110 registrerte frivillige. Ikkje alle er aktive men det er godt å ha mange på lista ved behov. Dei utførte i 2015 om lag 750 timar med frivillig arbeid. Dei frivillige er jamt fordelt kvinner og menn. Om lag 30 % er bebuarar på mottakssenteret, dette utgjør ein betydeleg ressurs i frivillig arbeidskapasitet.

Tilbod

Vi tilbyr ulike tenester der frivillige bidreg. Publikum tek kontakt ved behov og vi formidlar frivillige så godt det lar seg gjere. Hjelpetenester er enkeltoppdrag medan dei andre tilboda kan vere vedvarande. I haust sendte vi på nytt ut info om tilboda våre til alle som har heimehjelp.

Tilbod nytta i 2015:

Hjelpetenester	18
Språkven	7
Leksehjelp	4
Studiehjelp	2
Datahjelp	2
Turven	1
Øvingskøyning	5
Ledsager	2

Størst pågang som vi ikkje klarer å løyse er det på øvingskøyning. Ved årsskifte står 7 personar på venteliste.



Økonomi

Sentralen har i 2015 fått 310.000,- i driftstilskot frå Kulturdepartementet. Samla driftsrekneskap vart på 400.275,-

Regional og nasjonal organisering og endring i vilkår frå staten

Frivilligsentralane er delt inn i nettverk, som igjen samlast i regionar. Dagleg leiar vart i september valt til ny nettverksleiar for Vest-Oppland nettverksgruppe. Ansvaret inkluderer å delta i regionsamlingar og planlegge årleg regionkonferanse samt koordinere fire årlege nettverkssamlingar. Frå 2016 får sentralen eit ekstra tilskot på 15 000,- frå departementet for dette arbeidet.

Rammetilskotet frå departementet er vedteke overført til kommunane frå 2017. Midlane skal øyremerkast i ei overgangsfase men vilkåra for tildeling er ikkje vedteke. Dette har auka behovet for å stå sterke saman i ei nasjonal organisering. Som nettverksleiar har dagleg leiar vore med i denne spanande prosessen som skal ferdigstillast i 2016.

Prosjekt og samarbeid

Integrerende arbeidsliv - eit bulystprosjekt

Bulystprosjektet er inne i siste fase, og året har bydd på opp- og nedturar. To av deltakarane har flytta, og vi jobbar hardt for å gi dei tre som er igjen grunnlag for å bli. Ein er i arbeid, ein er i tiltak i regi av NAV og ein driv eigne prosjekt. Prosjektet har gitt mange erfaringar vi bygger vidare på. Ein eigen prosjektrapport vil ferdigstillast i 2016.

FriBib

Ein prosjektleiar er tilsett for å utvikle biblioteket og frivilligsentralen som sosial møteplass, med midlar frå Nasjonalbiblioteket og kommunen. Prosjektperioden er forlenga til 2016.

Tiltak for eldre/benkeprosjekt

Sentralen fikk i 2014 25.000,- frå *Gudrun Søndrol sitt minnefond* til tiltak for eldre. I samråd med målgruppa vart det vedteke å lage benkar til gangvegen i Vang sentrum. Heile 2015 gikk til å ferdigstille plan og prototype frå leverandør, og då det endeleg var klart for produksjon vart vi oppmerksam på at kongevegprosjektet også planlegg benkar. Vi samkøyrer prosjekta og benkane er forventa på plass i 2016.

Vinjerock

I samarbeid med introduksjonssenteret, mottaket og Vinjerock rekrutterte og rettleia vi tre asylsøkjjarar og ein busett flyktning til å vere frivillige på festivalen. Prosjektet ga gode erfaringar som vil bli ført vidare.

Integrasjonsforum

Integrasjonsforumet i Vang er eit uformelt forum med representantar frå skule, barnehage, bibliotek, frivilligsentral, mottak, introduksjonssenter, helseavdeling m.fl. Forumet har hatt 2 møter i 2015 og drøfta saker som fleirkulturelt råd, kveldskurs med norskundervisning, foreldrekurs for fleirspråklege foreldre i skule/barnehage, ulike samarbeidsarrangement, kommunikasjon med arbeidsinnvandrarar osv. Av og til inviterer vi inn eksterne, t.d. har banken informert om reglar for nye kundar.

Januar

Ons 21. Opning av kartutstilling: *Den Bergenske Kongeveg frå 1819* 40

Februar

Sun 8. *Frå Asker til Eden* - forfattar Alfred Fidjestøl om Askerkretsen 20

Tors 12. Eventyrstund i lavvoen på Åsvang 20

Fre 20. Morsmålsdagen - mellom anna konsert med Kouame Sereba 80

Tors 26. Eventyrstund i Filefjell skisenter 25

Mars

Ons 4. Kurs i blomedekorering v/ Line Marie Wangensteen 20

Ons 18. Debatt: kommunesamanslåing 80

Ons 25. Konsert med Anne Marie Kvien 80

April

Sun 12. Klassisk gitarkonsert med Arctic Guitar Trio 45

Ons 15. Bokbad med forfattar Pedro Carmona-Alvarez v/ Kirsten Baggethun De Gomez 25

Laur 25. Opning av utstilling: *My home country* 80

Mai

Ons 6. *Handle rett* - samtale om mat og meining mellom forfattar Siri Helle og økobonde Ida Østvold 35

Ons 20. Facebookkurs for nybyrjarar og sideadministratorar 40

Juni

Laur 31. Fleirkulturell fest 70

Til saman deltok om lag 660 på vårens arrangement.



Morsmålsdagen



Kurs i blomedekor



Debatt: kommunereform



Arctic guitar trio



'My home country'



Fleirkulturell fest

Laurdag 29. aug	Avslutning av sommarleskampanjen med Klovnen Knut	50
4 måndagar frå 31. aug	Fotokurs med Vang fotoklubb	20
Onsdag 2. sept	Valdebatt med listetoppene i Vang. Debattleiar: Erik Wold	120
Tysdag 15. sept	Nettbankkurs med Vang Sparebank	10
Torsdag 24. sept	‘Vangsmjøsa lufthavn’, foredrag - Helge Haugen	30
Laurdag 26. sept	Opning av Haustutstillinga ‘Ola Haugen’ - Nils Thune	45
Onsdag 7. okt	Fotoklubben temakveld: Fuglar og dyr - Thor Østbye	20
Torsdag 8. okt	Kurs i Tilskuddsportalen, for lag og foreiningar	45
Onsdag 14. okt	‘Den fantastiske regnskogen’, foredrag - Julie Forchhammer	50
Torsdagar frå 15. okt	Bridgekurs med Vang bridgeklubb	30
Onsdag 21. okt	Vigdis Hjorth, bokbad	30
Onsdag 4. nov	‘Der ingen skulle tru at nokon kunne bu’ - Oddgeir Bruaset	80
Torsdag 12. nov	Eventyrstund i Ryfoss barnehage	25
Onsdag 2. des	Bokkveld med utdeling av positivprisen	50
Laurdag 5. des	Fest for alle frivillige	40

Til saman deltok om lag 600 på haustens arrangement.

Andre arrangement dette året

Påskedans på Åsvang 28. mars, i samarbeid med Valdreskvelven spel- og dansarlag

Sykkelløp 30. mai, i samarbeid med Vang mottakssenter.

Sommarfritidsklubb på biblioteket, tysdagar i juni/ juli

Swingkurs på Åsvang i oktober og november, i samarbeid med Valdreskvelven

Fredagskos på Åsvang 20. november, i samarbeid med Valdreskvelven og Innovangsjon



Valdebatt



'Fuglar og dyr'



'Den fantastiske regnskogen'



Bokkveld med utdeling
av positivprisen



Swingkurs på Åsvang



Fredagskos på Åsvang

Faste aktivitetar i samarbeid med biblioteket

Ein gong i veka er det filmkveld, norsktime med Elisabeth Sparstad og samtalegruppe med utgangspunkt i avisa Klar Tale. Ein gong i månaden har vi hatt lesesirkel, i vår også skrivegruppe. Frå i haust har fotogruppa møttest annankvar veke.



Norsktime



Samtalegruppe

Takk til alle frivillige som stiller opp, utan dykk er vi ingen ting!



Fest for alle frivillige på frivillighetens dag, 5. desember

